



Prosjektmandat (administrativ bestilling)

Prosjektnr	Namn	Saknr
(økonomi)	Felles barnevern Meland-Radøy-Lindås	(websak)
Prosjektfase	Forprosjekt 01.03.17-01.09.18 (?)	
Organisering		
Oppdragsgjevar: Rådmannen i Radøy		
Adm. styringsgruppe: Rådmenn i Meland, Radøy og Lindås		
Prosjektansvarleg: Kommunalsjef helse og omsorg, Radøy		
Prosjektgruppe: Prosjektleiar Kommunalsjef helse og omsorg Radøy kommune Kommunalsjef oppvekst Lindås kommune Repr. frå Meland kommune Repr. frå barnevernet i Meland, Radøy og Lindås HTV – Felles repr. Ønskjer 1 repr. frå kvar kommune		
Arbeidsgruppe økonomi: Prosjektleiar Ein kommunalsjef Ein barnevernsleiar Ein økonomisjef		
Arbeidsgruppe IKT: Prosjektleiar Ein kommunalsjef Ein barnevernsleiar Representant frå IKTNH		

Arbeidsgruppe arkiv:

Prosjektleder

Ein kommunalsjef

Ein barnevernsleder

Representant frå eit av dokumentsentra

Referansegruppe 1:

Repr. for tilsette i barnevernet i Meland, Radøy og Lindås

Repr. for tillitsvalde i barnevernet i Meland, Radøy og Lindås

Referansegruppe 2 (samarbeidspartar til barnevernet):

Repr. for PPT, barnehage, skule, helsestasjon, politi, BUP mfl.

Referansegruppe 3 (brukarrepresentantar)

Fosterforeldre, foreldre med ulike hjelpetiltak, barn mfl.

Bakgrunn og forankring

- Lindås kommune har fått prosjektmidlar til å greie ut felles barnevernkontor med nabokommunane Meland og Radøy.
- Dette arbeidet vert organisert som eit forprosjekt. Med politisk vedtak om kommunesamanslåing, utgjer desse kommunane ein ny kommune frå 2020.
- Under føresetnad om endeleg vedtak i dei tre kommunestyra vert samarbeidet organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 b. frå oppstart til 31.12.2019.
- Dagens tre avdelingar vert samlokalisert frå og med oppstart av vertskommunesamarbeidet (føresett vedtak om dette). Det er ikkje avklara lokalisering før innflytting i Helsehuset.
- Prosjektet er forankra hjå dei tre rådmennene.

Hovudmål – i forprosjektet

Greie ut ein modell for felles barnevern i kommunane Meland, Radøy og Lindås.

Resultatmål – i forprosjektet

Utforme organisering av framtidig barnevernsteneste for dei tre kommunane med:

- Stillingar og kompetansekrav for å dekkje primæroppgåvene i barnevernet
- Vurdering av oppgåver, omfang og spesielle forhold som framtidig barnevern skal dekkje (t.d. fosterheimarbeid, utgreiingskompetanse, foreldrerettleiing, etablering av tiltak)
- Arbeidsprosessar i tenesta
- Fagleg profil
- Driftsform
- Organisering
- Avtaleverk og saksgrunnlag for administrativt vertskommunesamarbeid
- Plan for etablering av felles barnevern

Effektmål av hovudprosjektet

Kommunane er rusta til endringane i kommunestruktur blir gjennomført, og har sikra kvalitet, kapasitet og kompetanse i tenesta i eit framtidig perspektiv. Døme på utviklingsområde er skildra under, men dette blir endeleg fastsett i prosjektplanen:

- Kvalitetsutvikling
 - Sikre barna si rett til omsorg og beskyttelse
 - Barnevernet bidrar til at omsorgssvikt blir avdekkja så tidleg at ein unngår varige problem (t.d. meldekurs, rettleiing)
 - Tenesta etablerer raskt hjelpetiltak i heimen, eller set inn andre kompenserte tiltak, når barnet på grunn av forhold heime eller av andre årsaker har behov for det
 - Tenesta gjennomfører systematisk internkontroll for å sikre at barnevernet utfører oppgåvene sine i samsvar med lovverket
 - Systematisk metode for brukarmedverknad, t.d. brukarundersøking
 - Barn opplever at barnevernet lyttar til deira historier og at deira ønskje blir vektlagt i vidare arbeid
 - Barn opplever at hjelpetiltak bidrar til ein betre heimesituasjon
 - Samarbeidspartar opplever at barnevernstenesta bidrar til kompetansebygging og at det er tett samarbeid med barnevernet både i førebyggjande perspektiv og i konkrete saker
- Responstid - meldingar og undersøkingar
 - Meldingar blir handtert i samsvar med lov, forskrift og fristar
 - Offentlege meldarar opplever å få naudsynt informasjon om tiltak som blir sett i verk
- Plasserte barn
 - Barn opplever å få informasjon og få høve til å uttale seg, før det blir fatta vedtak som vedkjem dei, når det er til barnets beste
 - Rask og effektiv vurdering av heimar (godkjenning) for barn som foreldra sjølv plasserer hjå andre
 - Tett oppfølging av fosterforeldre

Rammer

<i>Økonomi/finansiering</i>	<i>Beløp i kr</i>
Prosjektmidlar FM i Hordaland	665.000

Avgrensingar

Prosjektet har fokus på framtidig organisering. **Leiarfunksjonar for tenesta må fram etablering av vertskommunesamarbeid løysast på kommunalt nivå.**

Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)

Vert vurdert av prosjektgruppa ved oppstart av prosjektet.

Framdrift

2017

Mars:

Forankring av mandat og prosjekt hjå styringsgruppa

Drøftingar i HTV-møta i dei tre kommunane

Lyse etter prosjektleiar

Rapportere på midlane til FM

April:

Start på prosjektet: Kartlegging/analyse/utforming av prosjektplan

August:

Oppstart prosjektleiar

Desember:

Ferdig utarbeidd plan for organisering av felles barnevern

Handsaming av planen i fellesnemnda.

Sak om vertskommuneorganisering frå 2018 – 2019 til handsaming i kommunestyra.

2018

Januar -mars:

Hovudprosjekt – implementering og oppstart av ny organisering.

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
	09.03.17	Mandat etablert	MOKR
	19.03.17	Endringar etter handsaming i styringsgruppa	Ørjan Raknes Forthun
	21.03.17	Til administrativ godkjenning i kommunane	Ørjan Raknes Forthun
			Fornamn Etternamn

